

## Referat FAU-møte 22.01.25



**Tid:** kl.17.15-18.30

**Stad:** Skogsvåg skule

### SAK 1. frå skule ved rektor:

- **Evaluering juleavslutning:** tidspunkt ok, hugs Sund-hallen nøkkel og leige, program, nisse (oppmøte før), flinke elevar, variert program.
- **Økonomi:** meldte inn overforbruk på 100 000,-, og ser ut som vi "landar" på det. Budsjettår avsluttast i desse dager.
- **Utv.arbeid:** Framtidas skule, sjå meg. Kommunen har satsingsområde: nærver og inkludering, språkkommunen og inkluderande spesialpedagogikk. Vi har gjennom året arbeida med **VI-skulen:** visjon, våre elevar, felles praksis, tv-aksjon, inkludering, dysleksivenleg skule, trivselskalender. **Trygt og godt skulemiljø:** rutinar, sårbare born, nærver, TSK (tydelig, støttande, førebudd klasseleiing), den gode starten, åtferd som utfordrar. **Uteskule:** Haugen, Duen (båt), tverrfaglegheit.
- **Skulemiljø:** rektor informerar om skulemiljøet på Skogsvåg. Forteljer om positive ting, mangfald, utfordringar, moglegheit og ønskje om MOT. FAU, innspel iht. skule/heim samarbeid. Viktig å få beskjed heim om det som er vanskeleg, balanse på kva som skal bli gitt beskjed heim om. Felles samarbeid, alle må jobbe saman.
- **Elevrådet:** gullhenger i heile haust, gullmunn startar opp ila. våren med fokus på språkbruk. Kåring i kvar gruppe.
- **Foreldremøter vår:** på trinn ila. februar, alle får innkalling.

### SAK 2. trafiksikkerheit busshaldeplass:

- **Trafiksikring ved busshaldeplass:** burde vore autovern med lomme til påstigning. Rektor undersøker, ber om uttalelse frå FAU.
- **Lys:** mørkt, ingen lys. Rektor undersøker, ber om uttalelse frå FAU.

### SAK 3. lys:

- **Behov for lys på skuleplassen, både ved leikehytter og mellom nybygg/gamlebygg:** ber om uttalelse frå FAU.

### SAK 4. SFO:

- **Matpenger SFO:** positiv til å kreve inn 115 kr månaden. Positivt med tilbod om graut.
- **Ferie-SFO:** feire-SFO på Spildepollen. Veldig tungvindt. Ønskjeleg å ha det på den skulen som er i nærleik til sentrum. Ta sak opp i SU. Rektor skal undersøke kvirfor feire-SFO er på Spildepollen. Rektor kommenterar at der er ei utfordring knytt ferie-SFO og dei elevane som treng særskilt tilrettelegging og trygge vaksne. Sak for SU.

#### **SAK 5. 17.mai:**

- Det har vore møte, avtale om nytt møte → full kontroll.

#### **SAK 6. Sundhallen:**

- Tilbod, sone sør, trening på fleire stadar i kommunen. Dette er utfordrande. Tilbod sone sør, SU-sak.

#### **SAK 7. garderobesituasjon:**

- **Utfordring med at ting forsvinner på trinn:** tema på felles foreldremøte for dei trinna som strevar med dette. FAU oppmodar alle til å bruke mobilhotell.

#### **SAK 8. eventuelt:**

- **Trafikktryggleik:** parkeringsplass ved Sund-hallen, manglar parkeringsmerking, fotgjengarfelt frå Sund-hallen til skulen. Av og på stigning ved busslomme og rundkøyring. Rektor undersøker, ber om uttalelse frå FAU.
- **Målform, innkjøp bøker:** FAU etterlyser rutiner knytt innkjøp av bøker. Det vert kjøpt bøker på feil målform.
- **Mobiltelefon:** ønskje om at FAU kan arbeide for einigheit knytt når barn får mobiltelefon. Vanskeleg å få dette til, men avtale om bruk, app og aldersgrense kan man snakke om på trinn. Skjermbruk må vere tema tidleg på trinn, og føresette må bidra aktivt i diskusjon kring felles retningslinjer.
- **Reflekskonkurransse:** premiering, saknar konkurranse.
- **Kulturkarusell:** planlegging av kulturkarusell med SFO. Dette kjem etter påske.
- **Vårslepp:** føresette ønskjer meir informasjon om dette.
- **Organisering FAU-møter:** rektor er med, ønskje frå FAU.
- **Neste møte:** onsdag 09.04.2025, FAU kl.17.15-18.15 + SU kl.18.30-19.30